

Vest



Foto: Gjermund Øystese

Vidare

Arbeidet vårt er mangfoldig, men målet er det same, «Verda for Kristus».

Les meir om regionkonferansen på side 43

Studenter startet en helt ny leir.	SIDE 44
Sygnat utvider internatet.	SIDE 45
Bibelkvelder for hele regionen.	SIDE 45
Leirplassene pusser opp og utvider.	SIDE 46



Kommentar:
Olav Rune Skutlaberg
Regionleiar Misjonssambandet Vest

Gud kallar ein ny generasjon

Den oppvekslande generasjon er framtida, og du får vere med. Når eg les årsmeldinga vår går det etterkvart breidda i nedslagsfeltet vårt opp for meg. Så mange kontaktpunkt me har med våre medmenneske over tid i barnehagar, skular og høgskular, i pTro og Utsyn, på leirstader, i forsamlingar og frivilligsentral osv.

ME STÅR SAMAN

Eg ser i dag uttrykksformer med språk- og musikkdrakt som er meir ukjente for meg, som er oppvasken med å sitje på stolen og syngje songar frå Sangboken til roleg pianospel. Då er det befriande å kunne arbeide gjennom andre, og samtidig bringe det levande ordet om frelse og kallet til teneste.

Takk for at de har den tre-enige Gud, frelsesverket, kallet til misjon i sentrum og kjenner kulturen de arbeider inn mot. Då vil ikkje eg stå i vegen. Vårt oppdrag, «Verda for Kristus», står ved lag – også der Kristi namn aldri har vore nemnt. Dei òg er medarvingar til det evige livet.

DE SKAL GJE DEI MAT

Den unge generasjonen søker ein Gud som fungerer i kvardagen, ikkje berre i teorien. Dei er utolmodige. Eg har tru på den komande generasjon, og heiar på dei.

Tremorkirken på Sotra melder om at nye kjem kvar fredag – mange tenåringar. Ung:Disippel, der konfirmanttida vert fylgt opp dei to neste åra og unge veks inn i leiaroppgåver som disippel og etterfylgjar av Jesus, er bevarande og viktig. Dei fire årlege samlingane måtte flytte til Sætervika fordi Skilbrei vart for lite.

Salem, der studentar samlast laurdag kveld, er ein viktig arena for å vinne, bevare, utruste og sende – for mange flyttar vidare etter studietida. Og eg har tru på Bibelkveld, som startar opp for fullt til hausten. De skal gje dei mat, sa Jesus.

EIT VAKKERT SYN

Å sjå ungdommar i ungdomsskule-alder på regionkonferansen, med sitt uttrykk lovsynge Gud, fryde seg over livet og feste blikket på Jesus, er håpefullt. Dei unge må òg trivast!

Å sjå Salem Misjonskirke Bergen fullsett laurdag kveld av unge, mange i alderen 18–25 år, og den eine etter den andre reiser seg etter talen fordi dei kjenner på kallet til teneste – blir lagt hendene på av menneska rundt og bedt for. Gud møtte dei med eit kall til teneste – det fyller meg med håp og takk. Høyrer du Guds stemme?

Gud bruker dei reiskapar og verkemiddel han vil, når han vil, utan å søke godkjenning hjå meg. Gud har bede oss om å så og vatne, så har han lova å sørge for vokster i si tid.

FRELSE OG TENESTE

Mitt kall er å sørge for at ordet vert sådd, både til frelse og til teneste. Eg vel heller å plante og så, enn å rive opp. Difor er me med på The Send og på Unåddkonferansen i lag med mange andre kristne organisasjonar, og difor brukar vi Alpha.

«Fylg meg, så vil eg gjere dykk til menneskefiskarar», sa Jesus. Det er det som skjer. Du treng ikkje vere redd for Guds kall. Det er din omsorgsfulle Far som kallar deg – inn til seg og ut til din neste. Signe tenesta, Gud velsigne deg.



På Alpha er samtalen viktig.

Foto: Alpha

Alpha-kurs i Sogn

Vinteren 2026 har Luster Familie-møte arrangert Alpha-kurs i lokalmiljøet. Kurset starta opp i januar og vart avslutta 2. påskedag. Totalt har kring tolv deltakarar vore med gjennom kursperioden.

TEKST: KJELL OLAV BONDEVIK

Alpha er eit introduksjonskurs til kristen tru, der deltakarane får høve til å utforske sentrale spørsmål knytte til liv, tru og mening i ein open og inkluderande atmosfære. Samlingane har bestått av felles måltid, undervisning og samtalar i mindre grupper, med rom for både refleksjon og ærlege spørsmål.

SAMTALE OM TRU

Tilbakemeldingane frå deltakarane har vore gjennomgåande gode, både når det gjeld innhald og gjennomføring. Fleire har peika på verdien av å setje av tid til samtale om tru i kvardagen, og på korleis Alpha har bidrege til trygge rammer for fellesskap og fordjuping.

For Luster Familiemøte har det vore ei glede å arrangere kurset. Erfaringane frå denne vinteren gjev inspirasjon til vidare arbeid og nye møteplassar.

GUDS NÅDE

Etter å ha gjennomført Alpha-kurset sit eg personleg att med ei enkel, men grunnleggjande sanning: Eg er elska av Gud, ikkje på grunn av, men på tross av.

Alpha har vore ei påminning om at kristen tru ikkje byrjar med mennesket sin innsats, men med Guds nåde. Det er ei erkjenning som både frigjer og gjev kvile i ei tid der mykje handlar om å prestere og strekke til. Som det står skrive:

«Han gjer ikkje med oss etter våre synder og løner oss ikkje etter vår skuld.» (Sal 103,10)



Vidare saman

Rune Mjølhus inspirerte og utfordra, her i samtale med ungleder Gjermund Øygarden.
Foto: Gjermund Øystese

Regionkonferansen 2026 vart avslutta med gudsteneste i eit fullsett Salem. Inspirasjon og utfordringar gjekk hand i hand gjennom helga. Gud er den som handlar, og me får ta aktivt del i hans verk.

TEKST: GRO BJØRNDAL

Tema for helga var «Vidare». Folk vart utfordra til teneste, både ute og heime. Det er ingen pensjonsalder i Guds rike, og dei unge lengtar etter og treng eldre som kan gå saman med dei, var ei av utfordringane. Det vart òg utfordra til aktiv teneste i utlandet eller gå til område hjå oss med få kristne.

FRAMGANG

Arbeidet vårt er mangfaldig, men målet er det same, «Verda for Kristus». Forsamlingsarbeidet er viktig her hjå oss, men det er òg viktig for å disippelgjera og kalla folk til ytremisjonsarbeidet, sa Rune Mjølhus.

«Vidare – på misjonsfelt» var eitt av fleire innlegg han hadde. Dei fleste unåde folkegruppene ligg i 10-40-vindauga, og fleire av våre misjonsfelt ligg nettopp der. Vårt største kall og oppgave er å gje evangeliet til dei som ikkje har det frå før.

Fredrik Ree hadde overskrifta «Guds ord hadde framgang» i sin tale laurdag. Det var ikkje apostlane, men Guds ord som hadde framgang. Både Fredrik og Rune tok utgangspunkt i misjonsbefalinga og Apgj 1,8. Jesus har all makt, derfor skal me gå, både til nærområdet og til dei som ikkje har andre til å vitna hjå seg. Det var vanlege folk som vart forfølgde og flytta til andre stader og delte



Tellus var med på barnekonferansen.
Foto: Silje Haugom

evangeliet der dei kom, mens apostlane var att i Jerusalem.

BARNEKONFERANSEN

Laurdag hadde barna sin eigen konferanse, med bibelsamlingar, aktivitetar og tur til trampolineparken Rush. Søndag song jentegruppa Seven på gudstenesta, også saman med lokale barn.

Tellus var og med, og song om å gje vidare det me har fått.

Regionkonferansen 2027 vert 10.-11. april (to dagar). Skriv det i kalenderen allereie no.

Val på årsmøtet

REGIONSTYRE

Nils Helge Friborg og Nils Ivar Brennhaug vart valde i 2025, og var ikkje på val.

Innvalde no vart Jan Håkon Reinemo (attval), Kristin Sætre Odeh (ny) og Hildegunn Norbakken (ny).

I tillegg vart Jan Ove Brandsæter 1. vara, Jonatan Hurthi 2. vara og Roald Viksund 3. vara.

Etter årsmøtet har regionstyret konstituert seg med Nils Helge Friborg som leiar, og Jan Håkon Reinemo som nestleiar.

BARNE- OG UNGDOMSRÅD (BUR)

Reidar Røyset Almedal og Simon Tobias Olsen vart valde i 2025, og var ikkje på val no.

Kristoffer Mjelstad (attval), Nikolai Bjerke (ny) og Solfrid Sørbo (ny) vart valde ved akklamasjon som faste medlemmer av BUR.

I tillegg vart Trond Kråvik 1. vara, Lina Malde 2. vara og Ingrid Øvreås 3. vara.

VALNEMND

Jostein Moldsvor og Ingebjørg Hitland var ikkje på val.

Trond Kråvik (attval), Runar Wold Slettebø (ny), Kirsten Grøteig (ny) og Rollaug Waaler (vara) vart valde inn i valnemnda.

Ferdiglagde gjerningar i Guinea

Eg hadde ikkje vore lenge i Siguiri, Guinea, før eg får det for meg: «Eg må lære meg N'ko alfabetet».

TEKST OG FOTO: BERGFRID ALMELID

Bokstavane ser eg overalt. Over butikkdører. På skilt. Malinké-språket *kan* skrivast med latinske bokstavar, men mange er stolte av N'ko-alfabetet som ein guineansk lingvist utvikla som reaksjon mot ideen om at afrikanske språk ikkje kunne skrivast.

LES SKRIFTA

- Balla kan lære deg N'ko, seier Moussa, vakt hjå amerikanske misjonærar. Moussa har ikkje gått på skule, men har lært seg N'ko. No les han bibel-historier og startar grupper med oppdagande Bibelstudie med muslimske vener. Balla kjem. Og eg får lynkurs i N'ko.

Så skjer noko gledeleg. Det Nye Testamentet på Aust-malinké er ferdig, og appli-



kasjonar for å lese samstundes som ein lyttar, er utvikla. På telefonen får eg app med latin-

ske bokstavar. Og ein annan med N'ko skrift!

Ein sein ettermiddag går eg forbi eit tun. Ein familiefar ropar på meg. Syner meg ei bok om malinkéane si stolte historie. Og skrifta? N'ko! Eg får ut telefonen. - Sjå, er dette noko du kan lese? Og Sayon, som han heiter, les. Om engelen Gabriel som vitjar Sakarja i tempelet...

MYKJE Å SNAKKE OM

Diverre har Sayon ikkje ein telefon for appar. - Er du interessert i små hefte frå 1. Mosebok med N'ko-skrift? Eg kan få tak i dei. Sayon er meir enn interessert.

Seinare leverer eg det første heftet til gamlemor. Sayon er ikkje heime. Neste gong eg ser han, takkar han overstrøymande. - Når eg kjem att frå gullgruvene om ei veke, seier han, - må du kome. Vi har mykje å snakke om.

Eg undrar meg. Er Sayon ein som Gud har førebudd? For oppdagande Bibelstudium? Det er eit bønneemne.



Ny påskeleir for unge vaksne

Siste helga i påska vart det arrangert ein helt ny leir for unge vaksne på Lyngmo Ungdomssenter i Sogn, i regi av Misjonsambandet vest. Dette vart ei utruleg kjekk påskehelg.

TEKST/FOTO: JONATAN HURTHI

Me var samla 32 unge vaksne frå skjærtorsdag til 1. påskedag. Dagane vart fylte med god forkyning av Jan Magnus Lillebø Qvale rundt temaet «For You».

Det blei fine dagar på topp-tur i fjellet, tid i skisenteret og i badeland. Lyngmo diska opp med god mat, og temperaturskjellane var store frå badstua me hadde leigt og ned i isbad-holet i Hafslvatnet.

FLOTT NATUR OG JESUS

Ønsket med leiren var å få

samle folk på kryss av landet til ei påskehelg i Sogn, der folk kunne få mektige møte med flott natur og Jesus.

Leiren var samansett med folk som hørde til i studentmiljøet både i Oslo, Bergen, Sogndal og Trondheim. Samt folk som er i arbeid.

No ser komiteen fram til å sjå på moglegheitene for ny leir i 2027!



Bibelkvelder

Til høsten har vi gleden av å invitere til oppstart av Bibelkveld i et samarbeid mellom Salem Bergen og Misjonssambandet vest.

TEKST OG FOTO: CHELSEA REE

Annenhver mandag fra september til november samles vi i Salem til kvelder med inspirerende og grundig bibelundervisning, med mulighet for streaming til resten av regionen. Hver samling tar for seg en bok i Bibelen. Vi løfter blikket og ser den store sammenhengen, samtidig som vi går tett på teksten og spør: Hva betyr dette for oss i dag? Hvordan kan Guds ord forme livene våre?

PRØVEKVELDEN GA MERSMAK

Konseptet er inspirert av Bibelkveld Oslo, som i mange år har blitt drevet av UiO. Vi drømmer om at dette også i Bergen (og utover i regionen) skal bli et sted for fordypning, vekst og begeistring for Bibelen.

Nylig hadde vi en teaser-kveld der Fredrik Ree, pastor i Salem, underviste over Fi-



Mange møtte på prøvekvelden. Nå gleder vi oss til høsten.

lemonbrevet. Responsen var overveldende – mange møtte opp, og forventningen til fortsettelsen var stor.

Vi gleder oss til å åpne Bibelen sammen, bli bedre kjent med dens bøker og la oss ut-

fordre og oppmuntre av budskapet. Sett av mandagene – dette vil du ikke gå glipp av.

Det vil komme mer informasjon på saalem.no og Bibelkveld Bergen sin Facebook-gruppe.

Førebud seg på fleire Sygna-elevar

Med dagens søkartal ser elevtalet på Sygna ut til å bli mellom 185–190 elevar til hausten. Dette er det høgste talet på mange år og skulen treng fleire internatrom.

TEKST OG FOTO: FRODE BØTHUN

På tre år har søkartala auka med over 30 %, og internatleiar Marit Beathe Kyrvestad førebud seg på at ho får ansvaret for endå eit internat.

OL-BYGGET

– Vi har ikkje bygd nytt internat på Sygna sidan 1995, seier internatleiar.

Den gang sette skulen opp modular som var brukte under OL på Lillehammer. Desse fungerte fint som internat i mange år, før skulen for nokre år sidan bestemte seg for å ta dei ut av bruk på grunn av slitasje.

NI INTERNAT

– I fjor vår opplevde vi ein stor auke i søkar-



tala og vi valde å totalrenovere alle romma. No framstår desse som moderne og fine rom. Men, vi ser at oppgangen i søkartala held fram og vi treng endå fleire elevrom, seier internatleiar.

Sygna satsar difor vidare og planlegg eit modulbygg med plass til 20 elevrom. Driftsleiar Vidar Heier har jobba mykje med planlegginga av det nye bygget.

– Godkjeningsprosessen har vore omfattande, men vi er i gang og skal ha det nye bygget på plass til skulestart til hausten, fortel Vidar Heier.

Med det nye bygget på plass har Sygna 169 sengeplassar fordelt på ni internat, noko som dekker behovet.

Driftsleiar Vidar Heier og internatleiar Marit Beathe Kyrvestad gler seg til å ta imot endå fleire elevar i eit nytt internatbygg.



Den 50 år gamle komfyren og 20 år gamle dampomnen er bytta ut med nye

Når det først gjekk gale

Skilbrei ungdomssenter ligg vakkert til i Skilbrei-bygda, like før bakkane snor seg nedover til Førde. I tillegg til vanlege leirar, er der ein del utleige av mindre og større grupper, som oftast ordnar seg sjølv. Slik er det fullt liv på huset både i jula og i påska.

TEKST OG FOTO: MARTHE H. AASE

Men denne vinteren måtte dei planlagde leirane avlysast, dvs. dei vart dagsleirar i forsamlingslokalet i Førde i staden. Grunnen var ein frostskaade på eit toalett.

Trass gode rutinar med varme i heile huset, vart det diverre frost på eit toalett, der påfølgande vasslekkasje førte til skade på møtesalen og kjøkkenet.

OPPGRADERING

Når skaden likevel var skjedd og mykje arbeid måtte gjerast, var det rette tida for å gjere naudsynt oppgradering på kjøkkenet. Golvbelegget måtte skiftast, så då vart den 50 år gamle komfyren og den 20 år gamle dampomnen også skifta ut. Begge hadde gjort si nytte.

Og møtesalen har fått ny scene, i tillegg til at tak og vegger er malt.

KLAR TIL NYE SAMLINGAR

Dermed var alt klart for at konfirman-tane frå Slettebakken i Bergen igjen kunne få ei flott påskeveke på Skilbrei.

I helga var det TABU, og om ein månad er det sommarleirar. Det er dette staden er bygd for, å få fortelja barn og unge om Jesus Kristus, han som er veggen, sanninga og livet.

Ønskjer du å støtta Skilbrei med ei gåve, kan du Vippsa til 542113



Ny matsal i Sætervika

Med 40 nye kvadratmeter er det no god plass til alle i matsalen.

I 40 år har jeg reist på leir i Sætervika, på over 300 leirer. Først som deltaker, så hjelpeleder og leder, før jeg ble ansatt i misjonen og fikk leir som jobb. Sætervika har betydd svært mye for svært mange, inkludert meg.

TEKST OG FOTO: SOLVEIG ROB

Sætervika er en fantastisk perle av en leirplass. Finere beliggenhet skal man leite lenge etter. Gjennom disse årene har leirplassen fått større internat og flere sengeplasser, men matsalen har vært en begrensning og utfordring, trang med relativt få plasser, og ikke minst dårlige lydforhold og mye støy.

EN FORNØYELSE

Det å få oppleve den nye matsalen på leir i Sætervika i april, var derfor en stor fornøyelse. Den nye salen er romslig, mo-

derne, og langt mer tjenlig enn tidligere.

Styrer Terje Næss forteller at han er meget fornøyd med den nye matsalen som nå er på hele 120 kvm, og kan romme 120 personer.

For Sætervika var valget om man skulle ta denne millioninvesteringen et valg om å få en mer tjenlig leirplass med plass til like mange i matsal som antall sengeplasser. Lydnivået er også mye bedre enn tidligere.

ØKT KAPASITET

Påbygget er på 40 kvm og har nå plass til 40 personer mer enn tidligere. Det er bygget litt på dugnad, men mest av innleide fagfolk. Ivar Berland har ledet prosjektet. Styrer har fått nytt kontor med fantastisk utsikt, nytt personalrom, og flere lagerplasser.

Gratulerer til Sætervika med en flott og tjenlig matsal der barn, unge og voksne vil få mange gode måltider, og samtaler i årene som kommer.

Sætervika utbygd.



Arrangementskalender

DATO	ARRANGEMENT	ALDER
LYNGMO – lyngmoinfo.com		
18.–21. mai	Vi over 60	60 +
29.–31. mai	Ungdomsleir	8. kl.–3. vgs.
5.–7. juni	2.–4.-klasseleir	2.–4. kl.
12.–14. juni	4.–7.-klasseleir	4.–7. kl.
29.6.–5. juli	Bibelsommar i Vest	Alle
9. sept	Spring for Lyngmo	
18.–20. sept	Kvinnehelg	Alle
25.–27. sept	2.–4.-klasseleir	2.–4. kl.
8.–11. okt	4.–7.-klasseleir	4.–7. kl.
23.–25. okt	Ungdomsleir	8. kl.–3. vgs.
30. okt–1. nov	Mannshelg	Alle
6.–8. nov	Barnas Songleir	2.–7. kl.
SÆTERVIKA – nlm.no/leirvest		
19.–21. juni	Maksleir	2.–4. kl.
31.7.–3. aug	Tweens Action	5.–8. kl.
7.–9. aug	Miksleir	3.–6. kl.
18.–20. sept	Ung:Disippel	9. kl. +
25.–27. sept	Maksleir	2.–4. kl.
23.–25. okt	Tweensleir	5.–8. kl.
30. okt–1. nov	Ung:Disippel	9. kl. +
SKILBREI – nlm.no/leirvest		
12.–14. juni	4.–7.-klasseleir	4.–7. kl.
19.–21. juni	1.–4.-klasseleir	1.–4. kl.
28.–30. aug	TABU	8. kl. +
11.–13. sept	5.–7.-klasseleir	5.–7. kl.
23.–25. okt	2.–4.-klasseleir	2.–4. kl.
20.–22. nov	TABU	8. kl. +
ANDRE		
22.–26. juni	SommarTreff Sygna	8. kl.–1. vgs.
21.–25. juli	UL-26 (fellesreise frå Sogn)	14 + og 22 +

Giverløftet 2026

Pr. 17. april:
 878 givere
 Kr 9.266.686 årlig

Mål
 11 mill
 9,3 mill
 Kr

Kvinne- og Mannshelg

Til hausten vert det både Kvinnehelg og Mannshelg på Lyngmo. Desse vert felles for heile regionen. Ønsket er å samla folk frå alle kantar til fellesskap og oppbygging.

Kvinnehelga er **18.–20. september**. Astrid Byrknes og Rollaug Waaler deltek med tale og song. Diakoni, eller omsorg for heile mennesket, er tema for helga.

Mannshelga er **30. okt–1. nov**, med Lyngmobasaren inkludert. Arbeid–kall–kvile v/Ketil Jensen. Bonde i ei ny tid v/Per Hilleren.

Set av helga som passar for deg, og få gjerne fleire med. Du kan ta buss både frå Bergen, Sunnfjord og Nordfjord.

MISJONSSAMBANDET VEST

UL26

Fellesreise fra Sogn til UL 2026

UL blir i år i Lyngdal. Vi tilbyr felles kjøring fra Sogn dal til UL og tilbake.

Slik ønsker vi skape samhold og trygghet for deltakere og foresatte. Det blir aktiviteter i bilene som for eksempel Bil-Bingo, ispause, felles lunsj og mulighet for å bli enda bedre kjent med gjengen som er på tur sammen!

Anna Vistnes (BUA) reiser sammen med ungdommene, og er med på hele festivalen. Via gruppechat blir det holdt god kontakt med alle og flere møtepunkt, og hun vil være tilgjengelig for ungdommene.

Viktig: Meld deg på fellesreisen først. Da får du en rabattkode som gir 15 % rabatt på selve UL.

Se mer om turen på lyngmoinfo.com og om UL på ul.no.